

Høyring om Idéfase - Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal, SNR.

Bakgrunn

Helse Møre og Romsdal HF er tiltakshavar for realiseringa av sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR), som skal erstatte lokalsjukehusa i Molde og Kristiansund. Den vedtekne tidsplanen legg opp til byggestart i 2018, med ferdigstilling og driftsstart i 2021.

I desember 2012 gjorde styret i Helse Møre og Romsdal HF vedtak gjennom Utviklingsplanen for føretaket om at det framtidige sjukehustilbodet i Nordmøre og Romsdal skulle løysast gjennom eitt felles akuttsjukehus lokalisert på aksen mellom Hjelset og øvre del av Frei. Ein skal utgreie nærmare i kva grad ein skal ha tilbod om poliklinikk og enkel dagbehandling i bysentrum i tillegg til det nye sjukehuset.

Med grunnlag i Utviklingsplanen, vedtok styret i Helse Møre og Romsdal HF i februar 2013 å starte «tidlegfasen» for nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal. Første prosesstrinn i tidlegfasen er «idéfasen», og høyringsrapporten som ligg føre omhandlar dette arbeidet.

Administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal HF, fekk i styresak «2014/43 Fullmakt til utsending for offentleg høyring - ...» fullmakt til å sende ut regional konsekvensutgreiing (KU) tema og høyringsdokument idéfase Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR) på offentleg høyring.

Prosessar

Parallelt med høyring av dette arbeidet, pågår høyring av kommunal og regional konsekvensutgreiing (KU). I tillegg til konsekvensutgreiinga så skal helseføretaket sjølv utarbeide eit idéfasedokument, som denne høyringa er ein del av, som skal ligge til grunn for avgjerda. Høvet mellom dei ulike prosessane i arbeidet er illustrerte i figuren under.

Prosessoversikt



Høyringstema

Høyringsrapporten omtalar dei aspekta som er relevante for avgjerd kring idéfasen for nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal (SNR). Prosjektet skal vere forankra i dei strategiske planane for utviklinga av spesialisthelsetenestetilboda både i Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF. I tillegg til generelle tilbakemeldingar, ønskjer helseføretaket spesielt tilbakemeldingar på følgjande punkt:

1. **Føretaksperspektivet.** Kan ein slutte seg til beskrivinga av helseføretaket sitt kort- og langsiktige utfordringsbilete slik det framgår av høyringsdokumentet? Har helseføretaket sannsynleggjort at ein vil utvikle sjukehustilbodet i Møre og Romsdal slik at det underbyggjer målet om å skape «pasientenes helsetjenester»?
2. **Samhandlingsreforma, grensesnitt mellom sjukehus og kommunehelseteneste.** SNR er dimensjonert ut frå demografisk framskriving og dernest ulike venta omstillingar i åra som kjem. Eit av omstillingsområda er justert grensesnitt mellom den kommunale helsetenesta og den spesialiserte helsetenesta i som følge av samhandlingsreforma. Er det realistisk at helseføretaket i tett samarbeid med kommunane klarer å oppnå dei omstillingseffektane som reforma førespeglar?
3. **Desentraliserte spesialisthelsetenester.** Ved etablering av eitt nytt felles sjukehus i Nordmøre og Romsdal,
 - a. bør det etablerast eit lokalmedisinsk senter med polikliniske spesialisthelsetenester i motsett by (eller begge byar dersom sjukehuset vert lokalisert «midt imellom»)?
 - b. Eller bør alle tenestene samlast i det nye sjukehuset?
4. **Økonomisk berekraft. Nytt sjukehus og økonomisk berekraft.** Realiseringa av SNR innebere eit investeringsløft som vert særskilt krevjande å bere for helseføretaket. Dette gjer det naudsynt å sikre ei samla tilslutning til løysinga som sameinar fagleg kvalitet/ innhald, kapasitet og økonomi. Dersom slik semje ikkje vert oppnådd kan det vere fare for at ein må drive i neverande bygg langt inn i framtida (0-alt.), og som ein konsekvens av det få eit dårligare tilbod i området. Helse Møre og Romsdal utfordrar difor høyringspartane til å gje si vurdering av behovet for å få realisert det nye sjukehuset uavhengig av kva alternativ som vert valt.

Innsending og spørsmål

Høyringsuttale vert helst levert elektronisk til postmottak@helse-mr.no, alternativt i papirformat til Helse Møre og Romsdal HF, 6026 Ålesund. Merk konvolutten "Høyringsuttale Idéfase". Alle høyringsuttalane vil verte lagt ut på føretaket sine nettsider og vil vere tilgjengelig via adressa www.helse-mr.no/hoyring.

HØYRINGSFRIST: 7. oktober 2014.

Spørsmål kan rettast til:

Strategirådgjevar Anne Strand Alfredsen Larsen

Telefon: 70 10 68 11

e-post: anne.strand.alfredsen.larsen@helse-mr.no

Kommunikasjonsrådgjevar Roland Mauseth

Mobiltelefon: 917 21 401

e-post: roland.mauseth@helse-mr.no

Med vennleg helsing

Sign.

Astrid J. Eidsvik

Adm. dir.

Sign.

Espen Remme

Strategi og utviklingssjef